Volda kommune

Konkurransegrunnlag

Lauvstad vassverk

Anskaffing etter forskrift om innkjøpsreglar i forsyningssektorane del I og del II

Arkivreferanse: 26/1743

Innhald

1 Generell informasjon ... 3
1.1 Oppdragsgjevar ... 3
1.2 Anskaffingsgjenstanden ... 3
1.3 Estimert verdi ... 3
1.4 Konkurransegrunnlaget ... 3
1.5 Kontraktsvilkår ... 3
2 Reglar for gjennomføring av konkurransen ... 4
2.1 Anskaffingsprosedyre ... 4
2.2 Kommunikasjon ... 4
2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysingar ... 4
2.4 Deltilbod og alternative tilbod ... 4
2.5 Avvising ... 4
2.6 Tidsramme ... 4
2.7 Teieplikt ... 5
2.8 Tilbodskostnadar ... 5
2.9 Vedståingsfrist ... 5
2.10 Tilbodskonferanse ... 5
2.11 Skatteattest ... 5
2.12 Synfaring ... 5
3 Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD) ... 6
3.1 Generelt om ESPD ... 6
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar ... 6
3.3 Samla stadfesting for alle kvalifikasjonskrav i ESPD- skjemaet ... 6
4 Kvalifikasjonskrav ... 6
4.1 Leverandørens registrering, autorisasjonar mv. ... 6
4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet ... 7
4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar ... 7
4.4 Stønad frå andre verksemder ... 8
5 Tildelingskriterium ... 8
6 Unntak frå krav om å bruke miljø som tildelingskriterium ... 8
7 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming ... 9
7.1 Innlevering av tilbod ... 9
7.2 Utforming av tilbodet ... 9

1 Generell informasjon

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Volda kommune ved sektor for Samfunnsutvikling.

Kontaktperson hjå Oppdragsgjevar er:

Namn:	Andreas Kiperberg
E-post:	Andreas.kiperberg@volda.kommune.no

For meir informasjon om Oppdragsgjevar visast det til heimesida www.volda.kommune.no.

1.2 Anskaffingsgjenstanden

Arbeidet gjeld etablering av nytt reinseanlegg på Lauvstad. Kontraktsarbeidet inkluderer mellom anna:

- Fjerning av skog
- Grave ut areal for nytt høgdebasseng
- Diverse grøfter
- Levering av nytt høgdebasseng (nedgravd)
- Levere nytt bygg med reinseanlegg og personalrom
- Rive og fjerne eksisterande anlegg

For ei nærare beskriving visast det til anskaffingsdokumentasjonen.

1.3 Estimert verdi

Oppdragsgjevar estimerer at anskaffinga har ein totalverdi på mellom 6 – 8 MNOK ekskl. mva.

1.4 Konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av følgjande dokumentasjon:

Vedlegg	Dokumentasjon
Hovuddokument	Konkurransegrunnlag
Vedlegg 1	Kravspesifikasjon
Vedlegg 2	Særlege kontraktsvilkår og tekniske rammevilkår
Vedlegg 3	Seriøsitetskrav
Vedlegg 4	Kontraktsprisar og prisvilkår
Vedlegg 5A	Mengdebeskriving XML
Vedlegg 5B	Mengdebeskriving Excel
Vedlegg 5C	Mengdebeskriving PDF
Vedlegg 6	Prinsippskisser Lauvstad Vassverk
Vedlegg 7	Riving – Bygg med innhald og Lauvstad vassverk
Vedlegg 8	Krav til innmåling og dokumentasjon
Vedlegg 9	Vassverkopplysningar og råvassprøver (2022, 2023 og 2024)
Vedlegg 10	SHA- plan

1.5 Kontraktsvilkår

For denne anskaffinga gjeld følgjande kontraktsvilkår: konkurransegrunnlag med vedlegg, samt NS 8406 «*Forenklet norsk bygge og anleggskontrakt*».

2 Reglar for gjennomføring av konkurransen

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført som ei open anbodskonkurranse i samsvar med lov av 17. juni 2016 nr. 69 om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift av 12. august 2016 nr. 975 om innkjøpsreglar i forsyningssektorane (Forsyningsforskrifta) del I og del II.

2.2 Kommunikasjon

Leverandør vert oppfordra til å ta kontakt i god tid før tilbodsfristens utløp dersom det oppdagast uklarheiter, feil, mangelfull informasjon eller forhold som leverandør ikkje kan akseptere i konkurransegrunnlaget.

Spørsmål og kommentarar til konkurransegrunnlaget skal framstillast skriftleg via KGV. Førespurnadar som kjem til Oppdragsgjevar gjennom andre kanalar vil ikkje svarast på eller takast til følgje. Svar på spørsmål og opplysningar som vert gjevne på førespurnad vert anonymisert og formidla til alle aktørar som har registrert si interesse for konkurransen. Spørsmål og svar er ein del av konkurransegrunnlaget.

2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysingar

Oppdragsgjevar kan foreta rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege fram til tilbodsfrist.

2.4 Deltilbod og alternative tilbod

Det er ikkje anledning til å inngi tilbod på berre delar av leveransen.

Det er ikkje anledning til å inngi alternative tilbod.

2.5 Avvising

Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrava vil medføre avvising av leverandøren.

Atterhald og avvik i innleverte tilbod vil kunne føre til avvising av tilbodet. I staden for å gje tilbod med atterhald eller avvik, bør leverandør stille spørsmål undervegs i konkurransegjennomføringa.

Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige, og skal takast inn i tilbodsbrevet slik at Oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandør. Vesentlege atterhald og avvik, som kan medføre tvil om korleis tilboda skal vurderast i høve dei andre tilboda, vil føre til at tilbodet vert avvist.

Elles gjeld avvisingsreglane slik dei står i Forsyningsforskrifta.

2.6 Tidsramme

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsplan:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	23.06.2026 - kl.12:00
Frist for å levere tilbod	06.07.2026 - kl.12:00
Evaluering	Snarast etter tilbodsfrist
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	Snarast etter evaluering
Karensperiode	10 verkedagar
Vedståingsfrist for tilbodet	01.08.2026

Alle fristar etter fristen for å levere tilbod er tentative, og kan endrast av Oppdragsgjevar etter behov.

2.7 Teieplikt

For allmennheita sitt innsyn i dokument knytt til denne anskaffinga, gjeld offentleglova, jf. FOA § 7-3. Oppdragsgjevar pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhald som kan vere forretningshemmelegheiter, jf. Forsyningsforskrifta §§ 7-2 og 7-3, jf. forvaltningslova § 13.

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19.mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagt teieplikta i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13. Leverandørane oppfordrast til å levere ei oversikt over kva for opplysningar dei meiner er unnateke innsyn, samt signere eigenerklæring på at Oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i høve opplysningar som ikkje er særskild identifisert som teiepliktige i leverandøren si opplisting.

Ved krav om innsyn skal Oppdragsgjevar gjere ei konkret og sjølvstendig vurdering av kor vidt opplysningane leverandøren har lista opp er av ein slik art at Oppdragsgjevar pliktar å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

2.8 Tilbodskostnadar

Leverandør dekker sjølv sine tilbodskostnadar.

2.9 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet fram til det tidspunktet som er oppgitt i tabellen i punkt 2.6 «*Tidsramme*» ovanfor.

2.10 Tilbodskonferanse

Det vert haldt elektronisk tilbodskonferanse via Microsoft Teams 11. juni frå 09.00 – 10.00. Påmelding skjer via KGV eller til andreas.kiperberg@volda.kommune.no.

Det vil bli ført referat frå konferansen. Dersom det blir stilt spørsmål til konkurransegrunnlaget under konferansen, vil spørsmål og svar takast inn i referatet. Leverandørane blir oppfordra til å sende inn eventuelle spørsmål skriftleg i framkant. Referatet vil bli distribuert til alle registrerte leverandørar, og dette vil inngå som ein del av konkurransegrunnlaget.

2.11 Skatteattest

Alle norske leverandørar skal levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist.

2.12 Synfaring

Det vert haldt tilbodssynfaring for denne kontrakten.

Tilbodssynfaringa vil bli halden 10. juni frå 10.30 – 12.00. Oppmøte ved Lauvstad ferjekai.

Det vil bli ført referat frå synfaringa. Dersom det blir stilt spørsmål til konkurransegrunnlaget under synfaringa, vil spørsmål og svar takast inn i referatet. Leverandørane blir oppfordra til å sende inn

eventuelle spørsmål skriftleg i framkant. Referatet vil bli distribuert til alle registrerte leverandørar, og dette vil inngå som ein del av konkurransegrunnlaget.

3 Det europeiske eigenerklæringsskjemaet (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som førebels dokumentasjon på oppfylling av konkurransens kvalifikasjonskrav, at det ikkje føreligg avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal leverandørane fylle ut ESPD-skjemaet som er integrert i KGV Light. Skjemaet leverast saman med tilbodet. Den eller dei leverandørane som vert innstilt til kontraktstildeling, må før kontrakt inngåast dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med tilhøyrande dokumentasjonskrav.

Det gjerast oppmerksam på at Oppdragsgjevar kan på eitkvart tidspunkt gjennom konkurransen be leverandørane om å levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom det er nødvendig for å sikre at konkurransen gjennomførast på korrekt måte.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I tråd med ESPD- skjemaet del III: Avvisninsgrunner, seksjon D: «*Andre avvisningsgrunner som er fastsatt i den nasjonale lovgivningen i oppdragsgiverens medlemsstat*» går dei norske avvisingsreglane lengre enn det som følgjer av EU- direktivet. Det gjerast difor oppmerksam på at alle avvisingsgrunnane i Forsyningsforskrifta § 20-2 gjeld i denne konkurransen, inkludert dei reint nasjonale:

- Andre ledd seier at Oppdragsgjevar skal avvise ein leverandør når han er kjend med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt førelegg for straffbare forhald nemnt i Forsyningsforskrifta § 20-2 (2) bokstav a til f.
- Oppdragsgjevar kan avvise leverandørar for alvorlege feil som kan medføre tvil om leverandørens yrkesmessige integritet, jf. Forsyningsforskrifta § 20-2 (3) bokstav i.

3.3 Samla stadfesting for alle kvalifikasjonskrav i ESPD- skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane gi ei samla erklæring om at alle kvalifikasjonskrav er oppfylt. Dette gjerast i ESPD- skjemaets del IV seksjon a.

4 Kvalifikasjonskrav

4.1 Leverandørens registrering, autorisasjonar mv.

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske leverandørar: Firmaattest Utanlandske leverandørar: attest for registrering i faglege register som bestemt i tråd med lovgjevinga i det landet leverandøren er etablert.

4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal ha ein økonomi som er tilfredsstillande nok til å kunne gjennomføre sine kontraktsforpliktingar.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Denne skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive med slik verksemd. Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å sjølv innhente kredittvurdering av leverandøren. Nyetablerte selskap som ikkje har opparbeidd grunnlag for kredittvurdering må leggje ved erklæring frå bank, revisor eller liknande finansieringsinstitusjon vedkomande føretaket si økonomiske og finansielle stilling. Dersom leverandør har sakleg grunn til å ikkje legge fram den dokumentasjonen Oppdragsgjevar krev, for eksempel dersom han meiner at informasjonen ikkje gir eit korrekt bilete av den økonomiske situasjonen til leverandør, kan leverandør dokumentere sin økonomiske og finansielle stilling ved å leggje fram andre dokument som Oppdragsgjevar ser som eigna.

4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Kvalifikasjonskrav (B)	Dokumentasjonskrav (C)
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kompetanse og erfaring til å gjennomføre kontrakten på ein tilfredsstillande måte.	Leverandør skal levere ei oversikt med inntil 3 liknande leveransar som leverandøren har utført i løpet av dei siste 5 åra. Leveransen treng ikkje gjelde bygging av vassverk konkret, men være av relevans med omsyn til arbeidets karakter. Oversikta skal innehalde opplysningar om kontraktanes verdi, tidspunkt for levering eller utføring og namn på mottakar. Ansvarleg kontaktperson hjå leverandør og kunde skal kome tydeleg fram og inkludere telefonnummer.
Leverandøren skal oppfylle krava til kompetanse og erfaring (inkludert utdanning) i SAK10 som ligg til grunn for å kunne erklære ansvarsrett i følgjande tiltaksklasser: **Tiltaksklasse 1:** • Tømrararbeid • Taktekkingsarbeid • Innmåling og utstikking av tiltak • Plasstøpte betongkonstruksjonar **Tiltaksklasse 2:** • Utføring av veg- og grunnarbeid	Dersom leverandør ikkje har sentral godkjenning for ansvarsrett, må det leggjast ved dokumentasjon på at leverandør oppfyller krav for aktuelle fagområde tiltaksklasser.

• Utføring av vannforsynings- og avløpsanlegg	

4.4 Stønad frå andre verksemder

Ein leverandør kan støtte seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava til økonomisk og finansiell kapasitet, og tekniske og faglege kvalifikasjonar.

Dersom leverandør støttar seg på annan leverandør for å oppfylle eit eller fleire kvalifikasjonskrav, skal leverandøren opplyse om dette i tilbodsbrevet. I tillegg skal leverandøren dokumentere at han råder over dei nødvendige ressursane ved å leggje ved forpliktingserklæring for kvar av verksemdene han støttar seg på i tilbodet. Oppdragsgjevar har moglegheit til å be om at forpliktingserklæring ettersendast dersom det ikkje ligg ved leverandørens tilbod.

Dette gjeld også for krav om tiltaksklasse. Dersom leverandør sjølv ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava knytt til ei eller fleire tiltaksklasse, står han fritt til å bruke underleverandør for dette. Leverandøren må likevel opplyse om alle underleverandørar han støttar seg på i tilbodsbrevet.

Dersom leverandør støttar seg på kapasiteten til andre verksemder, skal verksemdene levere separate ESPD- skjema i KGV. Det skal leverast eit skjema per verksemd leverandøren støttar seg på. Dersom fleire leverandørar deltek i konkurransen i fellesskap, skal alle deltakande leverandørar levere separate eigenerklæringar.

5 Tildelingskriterium

Tildeling av kontrakt vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har den lågaste prisen:

Tildelingskriterium	Vurderingstema og dokumentasjon
Pris	Leverandør skal fylle ut prispostane i Vedlegg 4 «*Kontraktsprisar og prisvilkår*»: • Byggjekost • Rekningsarbeid • Påslag Ved samanlikning av tilbod vil Oppdragsgjevar bruke ein forholdsmessig modell.

6 Unntak frå krav om å bruke miljø som tildelingskriterium

Det følgjer av Forsyningsforskrifta § 7-9 (2) at Oppdragsgjevar skal vekte klima- og miljøomsyn med minimum 30 %, med mindre det er klart at klima- og miljøkrav gir ei betre klima- og miljøeffekt, jf. fjerde ledd. Då kan Oppdragsgjevar stille minstekrav til miljø i staden for å bruke det som tildelingskriterium.

I denne anskaffinga er miljøavtrykket primært knytt til materialval, anleggsarbeida og drift av det tekniske anlegget. Sjølve reinseprosessen er av mindre miljømessig betydning. Ved å stille krav til

desse momenta vil Oppdragsgjevar oppnå betre miljøeffekt enn å ha det som tildelingskriterium sidan ein då sikrar å få eit tilfredsstillande nivå samanlikna med å ikkje fastsette minimumsnivå, men heller konkurrere på det. På bakgrunn av dette har Oppdragsgjevar stilt følgjande krav:

- Bruk av Euroklasse 6 på køyretøy og Stage V på anleggsmaskinar (arbeidet skal utførast i avsidesliggjande bygd utan moglegheit for lading og bruk av el)
- Nedgrevne tanker skal være i PE
- Bygget skal være i vedlikehaldsvennleg materiale med utvendig trekledning
- Leveransen skal inkludere MODbus for å redusere behovet for fysiske reiser til og frå anlegget i samband med drift
- Bruk av overskotsmassar lokalt (ingenting skal køyrast vekk)

7 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

7.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via KGV, og skal innehalde all påkravd dokumentasjon.

Innlogging/registrering skjer via eu-supply.com

Ved spørsmål om bruk av KGV, kontakt brukarstøtte på telefon +47 23 96 00 10 eller e-post kgv@eu-supply.com

Tilbodet skal vera datert og signert av ansvarleg representant.

Levrandør har ansvar for at oppdraget er forstått, og at tilbodet er komplett og korrekt utforma i samsvar med konkurransereglane. Det er leverandør som ber risikoen for å verte avvist frå konkurransen.

Tilbodet skal leverast på norsk.

Dersom tilbodet inneheld opplysningar som er unnateke offentlegheita, oppfordrar Oppdragsgjevar til å også levere ein sladda versjon av tilbodet. Sladding skal gjerast i samsvar med Offentleglova.

7.2 Utforming av tilbodet

Leverandørens tilbod skal bestå av følgjande dokumentasjon:

- Ferdig utfylt tilbodsbrev
- Ferdig utfylt kravspesifikasjon, jf. Vedlegg 1
- Ferdig utfylt særlege kontraktsvilkår og tekniske rammevilkår, jf. Vedlegg 2
- Ferdig utfylt seriøsitetskrav, jf. Vedlegg 3
- Ferdig utfylt kontraktsvilkår og prisvilkår, jf. Vedlegg 4
- Ferdig utfylt mengdebeskriving, jf. Vedlegg 5
- Teknisk skisse av tilboden løysing, inkludert bygget med planløysing og servicetunnel
- Skatteattest

Alle felt som leverandørane skal svare på er markert i blått.